

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FONNA HF

STAD: Haugesund sjukehus, møterom føretaksleing

MØTETIDSPUNKT: 13.01.17 kl. 09.00-13.15

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
Brian Bjordal	Nestleiar
Liv Kari Eskeland	Medlem
Hilde Brit Christiansen	Medlem
Solfrid Borge	Medlem
Gunnar Birkeland	Medlem
Nina Budal	Medlem
Pål Osjord Midbøe	Medlem
Helge Espelid	Medlem
Kjetil Andre Våge	Medlem

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Olav Klausen	Administrerande direktør
Stina Steingildra	Kommunikasjonsrådgivar
Ingebjørg Kismul	Administrasjonssjef

SAKLISTE

Sak 1/17	Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak 2/17	Godkjenning av protokoll 19.12.17
Sak 3/17	Administrerende direktør si orientering
Sak 4/17	Risikorapportering ved årslutt 2016
Sak 5/17	Årleg melding 2016 Helse Fonna HF
Sak 6/17	Sal av Fitjar Bu og behandlingsheim

UNDERLAG

Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt

Saker til orientering:

Sak 7/17	Rapport frå prosjekt Odda sjukehus
Sak 8/17	NOU 2016:25 Organisering og styring av spesialisthelsetjenesten
Sak 9/17	Strategi for entrepriser
Lukka, jf. Helseføretakslova § 26a, 2. ledd punkt 2	

Vedlagt

Vedlagt
Vedlagt

Sak 10/17	Eventuelt Skriv og meldingar
-----------	---------------------------------

Vedlagt

Sak 1/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden**Vedtak [samrøystes]**

Sak 10/17 Skriv og meldingar vert behandla før sak 9/17
Innkalling og dagsorden ble godkjent

Sak 2/17 Godkjenning av protokoll frå styremøte 19.12.16**Vedtak [samrøystes]**

Styret godkjente og signerte protokoll frå styremøte 19.12.16

Sak 3/17 Administrerende direktør si orientering

1. Rapportering tilsynssaker
Administrerende direktør viste til vedlagt notat
2. Oversikt over aktuelle høyringar
Administrerende direktør viste til vedlagt notat

3. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav
Administrerande direktør viste til vedlagt notat

4. Helsenorge

Kommunikasjonsrådgivar Stina Steingildra presenterte informasjon om helsenorge.no, Helse Fonna si nye nettside og høve for pasientane til å hente informasjon.

5. Administrerande direktør informerte på bakgrunn av spørsmål om hending/båtulykke juni 2016 ved Karmøy og korleis saka, som Helse Fonna meldte til Fylkesmannen, er ivaretatt og handtert i føretaket.

Vedtak [samrøystes]

Styret tek meldingane til orientering

Sak 4/17 Risikorapportering ved årsslutt 2016

Oppsummering

Føretaksgruppa i Helse Vest har, etter pålegg i oppdragsdokument og styringsdokument, sidan 2009 gjennomført regelmessig, systematisk overordna risikostyring. Risikostyringa er gjennomført i tråd med retningslinjer for risikostyring i Helse Vest som blei utforma i 2008.

Styret i Helse Vest RHF vedtok i styremøte den 04.12.13 reviderte retningslinjer for risikostyring i sak 134/13 B. Helseføretaka skal rapportere på risiko til føretaksstyret tertialvis, og ved årsslutt gjere greie for arbeidet med risikostyring i årleg melding til Helse Vest RHF.

Styret i Helse Vest RHF vedtok 10.12.15, i sak 116/15, tre felles styringsmål med delmål for risikostyring for sjukehusføretaka i Helse Vest for 2016.

Ved årsslutt er 5 risikoelement i grøn sone, 17 risikoelement i gul sone og 1 risikoelement i raud sone. Ingen risikoelement har auka risiko frå andre tertial til årsslutt. Ni risikoelement har redusert risiko frå andre tertial, kor av tre frå gul til grøn sone.

Administrerande direktør orienterte om saka og informerte om tiltak som forbettrar det risikoelementet som er i raud sone.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna tar risikorapportering ved årsslutt 2016 til etterretning

Sak 5/17 Årleg melding 2016 Helse Fonna HF

Oppsummering

Helse Fonna skal sende ei årleg melding til Helse Vest. På bakgrunn av styringsdokumentet sender Helse Vest RHF ut ein mal som gjev grunnlag for utforminga av årleg melding.

Administrerande direktør har gått gjennom årleg melding for Helse Fonna HF med dei tillitsvalde 29.11.16, og med Arbeidsmiljøutvalet og Brukarutvalet 15.12.16. Uttale frå brukarutvalet er lagt ved saka. Administrerande direktør har tatt innspel som kom i møta med i meldinga.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF godkjenner årleg melding 2016 med dei signal som blei gitt i styremøtet.

Sak 6/17 Sal av Fitjar Bu og behandlingsheim

Oppsummering

Fitjar bu- og behandlingsheim ble bygd omkring 1990, og var ein kombinert somatisk/ psykiatrisk institusjon med 20 somatiske og 25 psykiatriske senger. I 1987 ble det inngått ein avtale mellom Fitjar kommune og Hordaland fylkeskommune kor det kom fram at fylkeskommunen skulle være eigar av bygget og ansvarlig for all administrasjon. Kommunen skulle være ansvarleg for inntak og utskriving av pasientar ved somatisk avdeling. Fitjar Kommune refunderte Hordaland fylkeskommune sine driftsutgifter for den somatiske andelen. I 1996 overførte Hordaland fylkeskommune det heile og fulle driftsansvaret for den somatiske avdelinga til Fitjar kommune.

I protokoll av 18.04.02 røyrande overføring av formueposisjonar til staten frå Hordaland fylkeskommune, framgår det at Staten v/Helse Fonna HF overtar Fitjar bu- og behandlingsheim. Alle leigeavtalar knytt til eigedomen ble vidareført. Fitjar bu- og behandlingsheim var på overføringstidspunktet taksert til kr 67 millionar, og hadde ei rest levetid på 48 år. I møte den 10.06.05, sak 34/05 godkjente styret eit forslag om å nedskrive byggjets bokførte verdi til kr 6,3 mill.

Helse Fonna HF og Fitjar kommune formaliserte våren 2006 ein avtale kor føretaket forplikta seg til å leiga ut Fitjar bu og behandlingsheim til kommunen. Leigesummen vert sett til kr 211 000,- pr år. I tillegg til leiga forplikta kommunen seg til å betala forsikringskostnadene for byggjet.

I avtale kjem det fram at kommunen gjennom hele kontraktstida har opsjon på kjøp av eigedomen med påståande bygg til kr 6 300 000. Leiga, som er betalt i kontraktstida fram til overtaking, skal trekkjast frå på kjøpesummen.

I februar 2010 ble det inngått ein tilleggsavtale kor kommunen fekk forlenga fristen for å utløysa opsjon på kjøp av bygget til 31.12.2017. Utløysingssummen var pr. 31.12.2010 redusert til kr

5.245.000,-. Dei påfølgjande åra skal utløyingssummen reduserast med halve leiga. Kjøpssum 2017 : kr 6 300 000 – 1 793 500 = 4 506 500.

Vedtak [samrøystes]

1. Styret i Helse Fonna HF tilrår sal av Fitjar bu og behandlingsheim til Fitjar kommune i tråd med vilkåra i gjeldande avtale.
2. Saka sendast til Helse Vest RHF for vidare handsaming.

Sak 7/17 Rapport frå prosjekt Odda sjukehus

Oppsummering

Prosjektet for Odda sjukehus er ei vidareføring og utviding av prosjektet Odda og Stord sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan (2016-2019). Prosjektet er eigd av administrerande direktør i Helse Vest RHF og administrerande direktør i Helse Fonna HF.

Det opprinnelege prosjektet blei organisert med ei prosjektgruppe for Stord sjukehus og ei prosjektgruppe for Odda sjukehus. Arbeidet starta i mars 2016. Prosjektet for Stord sjukehus leverte sluttrapport i juni 2016, rapporten blei sendt på høyring og blei deretter behandla i styret i Helse Fonna i oktober 2016 og styret i Helse Vest i desember 2016. Prosjektet for Odda sjukehus blei utvida og forlenga ut hausten 2016.

Begge prosjektgruppene hadde i mandat å bygge på omtalen av lokalsjukehusa og deira rolle i Nasjonal helse- og sjukehusplan. Undervegs i prosjektperioden blei helse- og sjukehusplanen behandla i Stortinget 17. mars og i føretaksmøtet 4. mai 2016. Stortingets vedtak og føringar i føretaksmøtet blei lagt til grunn for prosjektet. Prosjektet for Odda sjukehus fekk mandatet utvida til å sjå på heile verksemda ved sjukehuset. Prosjektrapport blei levert til prosjekteigarane 31.12.16.

Mandat

Det utvida mandatet til prosjektet for Odda sjukehus har vore:

Prosjektet blir utvida til å gjelde heile verksemda ved Odda Sjukehus.

Prosjektperioden blir utvida til utgangen av desember 2016.

Prosjektgruppa blir utvida med to representantar frå Odda sjukehus og ein frå prehospitala tenester i Odda. Representasjon frå kommunane blir utvida med representantar til arbeidsgrupper.

Sekretariatet blir utvida med ein representant frå Helse Fonna HF. Ekstern konsulentbistand blir vurdert etter behov.

Prosjektet skal i det vidare arbeid særleg fokusere på:

- Tilboda ved Odda sjukehus må vere innretta mot dei pasientgruppene som kan og bør få eit spesialisthelsetenestetilbod lokalt i Odda

- Utvida samarbeid med kommunane for å styrke tilbodet til befolkninga. Tilboda må i størst mogleg grad tilfredstille kommunehelsetenesta sine behov.
- Ytterlegare utgreiing og kartlegging av fakta som grunnlag for planlegging og dimensjonering
- Avklaring av akutt tilbodet ved Odda sjukehus
- Prehospitale tenester som del av den akuttmedisinske kjeda

I tillegg gjeld mandatet og prosjektdirektivet for prosjektet Odda og Stord sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan (2016-2019).

Nasjonal helse- og sjukehusplan gjeld for perioden 2016-2019, men beskriv og drøftar utviklingstrekk fram mot 2040. Nasjonal helse- og sjukehusplan har sju hovudområder og mål:

- Styrke pasienten
- Prioritere tilbudet i psykisk helse og rusbehandling
- Fornye, forenkle og forbedre helsetjenesten
- Nok helsepersonell med riktig kompetanse
- Bedre kvalitet og pasientsikkerhet
- Bedre oppgavedeling og samarbeid mellom sykehusene
- Styrke akuttmedisinske tenester utenfor sykehus

Mål for prosjektet

Mål for prosjektet er å finne løysingar som sikrar eit framtidsretta og trygt tenestetilbod, med god fagleg kvalitet og pasienttryggleik, samtidig som ein sikrar effektiv ressursutnytting innanfor dei økonomiske rammer som gjeld for helseføretaket.

Tilrådingar

Prosjektgruppa har samla gitt tilråding i 7 punkt.

1. Sjukehus i nettverk

Helse Fonna må framover legge stor vekt på å utvikle ein felles kultur - «vi-haldning» - i eit samla Helse Fonna. Sjukehusa i helseføretaket skal fungere saman i eit forpliktande nettverk både fagleg og organisatorisk. Innføring av felles ventelister er eit viktig tiltak i denne samanhengen.

Odda sjukehus skal inngå i ei samla spesialisthelseteneste i Helse Fonna, og vareta eit trygt og godt tilbod til befolkninga i sjukehusområdet saman med Haugesund sjukehus, Haukeland universitetssjukehus og dei prehospitale tenestene.

2. Samarbeid mellom kommune og sjukehus innan somatikk, psykisk helsevern og rusbehandling

Kommunane og Helse Fonna må inngå eit forpliktande samarbeid for å sikre tilbodet til pasientane som har behov for tenester frå begge nivåa, innanfor både somatikk, psykisk helsevern og rusbehandling. Kommunale øyeblikkeleg hjelp-senger og interkommunal legevakt må vidareutviklast. Desse tenestene bør vere lokaliserte til Odda sjukehus.

Vidareutviklinga må sjåast i samanheng med at dei kommunale ØH-sengene i 2017 også skal tas i bruk innan psykisk helse og rus.

Ein forpliktande avtale mellom kommunane og Helse Fonna om desse tenestene bør vere på plass i 2017, og arbeidet må starte opp første halvår. Odda kommune bør vere initiativtakar.

3. Spesialisthelsetenester ofte, mykje og nært

Det ligg til rette for utvida poliklinisk tilbod ved Odda sjukehus. Basert på analysane av pasientane sine behov og gjennomgangen i prosjektet, må Helse Fonna utarbeide ein konkret plan for utviding av dei polikliniske tenestene. Det kan vere i form av ambulerande spesialistar eller privatpraktiserande avtalespesialistar. Det er ein føresetnad at polikliniske tenester innan øyre-nase-hals, inkludert høysesentral, inngår i planen.

4. Dagkirurgiske tenester

Analysane og gjennomgangen i prosjektet viser at det er aktuelt å utvide den dagkirurgiske aktiviteten ved Odda sjukehus innanfor fleire fagområde, til dømes ortopediske inngrep (m.a. kne- og skulderinngrep) og grå stær-operasjonar og augelokkoperasjonar. Helse Fonna må sjå samla på den dagkirurgisk aktiviteten innan alle fagområda, og på fordelinga av dagkirurgitilbodet mellom sjukehusa i helseføretaket.

5. Bemanning, rekruttering, kompetanse

Helse Fonna må delta aktivt i arbeidet med å implementere ny ordning for spesialistutdanning for legar, og i eit langsiktig perspektiv styrke utviklinga av breiddekompetanse, som er særleg viktig for dei mindre sjukehusa. Tiltak for å sikre anna helsepersonell vil også vere viktig.

Det er viktig for den framtidige spesialisthelsetenesta ved Odda sjukehus at det blir lagt til rette for ambuleringsordningar innan dei spesialitetane der befolkninga har eit avgrensa behov for tenester. Gjensidige hospiterings- og rotasjonsordningar, og å legge til rette for vidareutdanning, er viktige verkemiddel for fagutvikling og betre samhandling mellom sjukehusa i Helse Fonna. For å utvikle måten å rekruttere på til Odda sjukehus, bør Helse Fonna vidareføre det gode arbeidet som blir gjort lokalt i dag, og i tillegg sjå til eksempel frå andre små sjukehus.

6. Stadleg leiar

Ordninga med stadleg leiar ved Odda sjukehus må vidareførast. Det blir tilrådd at stadleg leiar skal inngå i leiargruppa i helseføretaket. Organiseringa av gjennomgåande klinikkstruktur vidareførast.

7. Teknologiske løysingar og digital kommunikasjon

Dei store regionale IKT-satsingane skal mellom anna sikre effektiv og trygg utveksling av pasientinformasjon mellom einingane internt i spesialisthelsetenesta, mellom spesialist- og kommunehelsetenesta og med pasientane. Dette legg grunnlaget for betre samarbeid og nettverk på tvers av einingar. Alle sjukehusa skal bidra aktivt i utviklings- og implementeringsarbeidet knytt til IKT-satsingane. Helse Fonna vidareutviklar bruken av telemedisinske løysingar.

Akuttkirurgisk verksemd

Når det gjeld tilråding om den akuttkirurgiske verksemda ved Odda sjukehus, er prosjektgruppa delt. 4 medlemmer tilrår å avvikle akuttkirurgisk verksemd, medan 11 medlemmer tilrår å oppretthalde akuttkirurgisk verksemd. Argumenta kjem fram av rapporten. I tillegg har deltakarar frå prosjektgruppa lagt ved eit eige skriv som er lagt ved saka.

Administrerende direktør orienterte om møte med tillitsvalde og hovudverneombod i Helse Fonna 3.1.17 der det blei orientert om rapporten. 5.1.17 var det informasjonsmøte i Odda for alle medarbeidarar ved Odda sjukehus. Administrerende direktør møtte også ordførar Roald Aga Haug i eige møte i Odda 5.1.17.

Fagdirektør Haldis Ø. Lier presenterte rapporten med vekt på mandat og prosess og innhald. Det blei informert om faktagrunnlag, gjennomført journalgjennomgang, tilrådingar og dissens i punktet om akuttkirurgi.

Administrerende direktør orienterte om brev til styret i Helse Vest og styret i Helse Fonna frå ordførar i Odda, Roald Aga Haug.

Administrerende direktør orienterte om eige vedlegg frå dei medlemmene i prosjektgruppa som hadde sendt eit tillegg til rapporten, samt vedlegg frå overlege Trond Dyngeland.

Administrerende direktør gjekk systematisk gjennom rapporten og samanlikna punkta i rapporten med punkta i vedlegga frå dei medlemmene i prosjektgruppa som hadde sendt eit tillegg til rapporten, inklusiv Trond Dyngeland.

Det er bestilt ekstern kvalitetssikring av rapporten som ventande kjem kring 1.februar. Den vil bli sendt til styret i Helse Fonna HF og høyringsinstansane, og publisert på Helse Fonna si nettside.

Administrerende direktør har planlagt informasjonsmøte i Odda kino 16.02.17.

Styret diskuterte rapportens innhald sett opp mot mandat og tilleggsskriv frå fleirtalet i prosjektgruppa. Styret gav si tilslutning å sende rapporten på høyring til dei høyringsinstansar som administrerende direktør foreslo.

Vedtak [samrøystes]

1. Styret i Helse Fonna HF tar saka til orientering
2. Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør sende rapporten på høyring før endeleg handsaming. Høyringsfrist 21.02.2017

Sak 8/17 NOU 2016:25 Organisering og styring av spesialisthelsetjenesten

Oppsummering

Stener Kvinnsland la 01.12.16 fram NOU 2016:25 Organisering og styring av spesialisthelsetjenesten.

Utvalet sitt mandat har vore å utgreie alternative modellar for korleis staten kan organisere eigarskapet til sjukehusa. Utvalet har også vurdert inndelinga i helseregionar, samt eigarskapet til, og forvaltninga av bygg.

Det var fleirtall i utvalet for å vidareføre eit regionalt avgjerdsnivå i spesialisthelsetenesta, og å vidareføre helseregionane slik dei er i dag. Utvalet var delt når det gjaldt organiseringa innanfor helseregionane. Det var fleirtall for å legge om eigedomsforvaltninga, mellom anna med å innføre ei ordning med kostnadsdekkande husleige.

Administrerande direktør gjekk gjennom hovudpunkta i utgreiinga i styremøtet 19.12.16 og den blei delt ut i møtet. Helse Fonna er høyringsinstans, høyringsfristen er 03.03.17. Styret i Helse Fonna HF bad administrerande direktør lage eit utkast til høyrings svar som styret i Helse Fonna HF kunne drøfte på styremøtet i januar 2017.

Styret drøfta utkast til høyringsuttale i saka. Styret var einig dei konklusjonane som styresaka peika på. Styret bad administrerande direktør utdjupe argumentasjonen noko og sende høyringsuttalen på e-post til styremedlemmene for endeleg godkjenning før innsending.

Vedtak [samrøystes]

1. Styret i Helse Fonna HF tar saka til orientering
2. Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør utforme høyrings svar i tråd med saka og dei innspela som kom i styremøtet
3. Styret i Helse Fonna HF ber om å få tilsendt høyringsuttalen på e-post for endeleg godkjenning

Sak 10/17 Eventuelt / Skriv og meldingar

1. Årsplan for styret i Helse Fonna 2017
2. Brev til RHF 22.12.16 Bygningsmessig kartlegging av tilstandsgrad i Helse Fonna HF

3. Brev frå RHF 09.12.16 Felles risikostyringsmål for 2017

Skriv og meldingar blei tatt til etterretning

Sak 9/17 Strategi for entreprisa

Lukka del jf. Helseføretakslova §26 a, 2.ledd nr. 2.

Oppsummering

Saksunderlag var sendt styremedlemmene på eigen e-post samtidig som innkalling til styremøtet. Prosjektleder Laila Nemeth orienterte om «Valg av entreprisestrategi». Orienteringa omtalte prosess før val av entreprisemodell, gjennomgang av ulike entreprisemodellar og ein oversikt over inndeling i ulike objekt og kva for modellar som er tilrådd for dei ulike objekta.

Prosjektet tilrår å dele byggeprosjektet inn i tre objekt:

1. Grunnarbeider/byggegrupp
2. Nybygg
3. Ombygging

For «grunnarbeider/byggegrupp» tilrår prosjektet at det blir lagt til grunn hovedentreprisa.

Objektets grensesnitt mot nybygg og eksisterande bygg må vektleggjast spesielt i arbeidet som blir gjort før utlysing. Når grensesnittet er endelig avklara bør det vurderast på nytt om hovedentreprisa fortsatt er mest eigna.

For «nybygg» tilrår prosjektet totalentreprisa, enten med eller utan tiltransport av prosjekterande.

For «ombygging» tilrår prosjektet delte entrepriser gjerne på rammepris, eller hovedentreprisa (eventuelt generalentreprisa) for dei større areala.

Administrerande direktør informerte om at ein planlegg å ta inn tilrådingane som er gitt i saka i forprosjektrapporten. Administrerande direktør planlegg å starte med å førebu grunnlaget for utlysing av kontrakt for «grunnarbeider/byggegrupp».

Vedtak [samrøystes]

1. Styret i Helse Fonna HF gir si tilslutning til dei tilrådingane som kom fram i saka.
2. Styret i Helse Fonna ber om å få saka tilbake før endeleg utlysing av kontraktar blir gjort

Ref. Ingebjørg Kismul
13.01.17

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
Brian Bjordal	Nestleiar
Liv Kari Eskeland	Medlem
Hilde Brit Christiansen	Medlem
Gunnar Birkeland	Medlem
Solfrid Borge	Medlem
Nina Budal	Medlem
Pål Osjord Midbøe	Medlem
Kjetil Andre Våge	Medlem
Helge Espelid	Medlem